



Arkivnr: 2014/560-239

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		09.09.2016

Nettverkssamling 5.-6. november 2016

Samandrag

Ungdommens fylkesutval arrangerer kvart år ein nettverkssamling. I 2016 vert den heldt 5.-6. november på Quality Hotell Edvard Grieg. Eigenandelen var i 2015 kr 1500. Prisen frå hotellet er den same i år, så det er ikkje behov for å auke eigenandelen.

Alle ungdomsråd i Hordaland vert invitert til å sende to representantar. Kommunar utan ungdomsråd får og sende to representantar. Forslag til invitasjon ligg vedlagt.

I fjar var tema Utdanning, i tillegg til at ein hadde fasilitator til stades for å få innspel til Ungdommens handlingsprogram og hjelp gjennom samlinga. Ungdommens fylkesutval må ta stilling til kva tema ein ønsker på nettverkssamlinga, og om korleis ein ønsker å få innspel til Ungdommens handlingsprogram. Er det ønskjeleg med ein ekstern fasilitator? Dersom det skal vere eit spesifikt tema bør ein kanskje ha nokre innleiarar? Er det ønskjeleg med ein debatt?

Program for nettverkssamlinga er viktig å byrje å jobbe på. Vedlagt finn de programmet frå 2015. De bør og ha ein oversikt over kven som er ansvarleg for kva, inkludert leikar og anna.

Praksis har vore at Ungdommens fylkesutval møter kvelden før for å planlegge arrangementet, og et middag saman. Utvalet overnattar til neste dag.

Forslag til vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek følgjande:

1. Eigenandelen vert kr 1500.
2. Invitasjon til nettverkssamlinga er ferdigstilt av utvalet og er sendt til administrasjonen for distribusjon.
3. Tema for samlinga vert og utvalet ønsker slike innleiarar
4. Metode for å få innspel til Ungdommens handlingsprogram vert
5. Ungdommens fylkesutval treng / treng ikkje fasilitator.
6. Det er ønskjeleg / ikkje ønskjeleg med ein debatt.
7. Utkast til program er sendt til administrasjonen.
8. Utvalet skal møtast kvelden før for å planlegge arrangementet og vil da trenge middag.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Invitasjon til Nettverkssamling 5.-6. 2016
- 2 Program nettverkssamling 2015